



Forskar i storskala atmosfære dynamikk

Ved [Geofysisk institutt](#) er det ledig ei fast stilling som forskar i storskala atmosfære dynamikk. Stillinga er finansiert av eksterne midlar. Dei første tre åra er stillinga finansiert av prosjektet Arven etter Nansen finansiert av Noregs forskingsråd.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver

Forskinga knytt til stillinga skal bidra til forståinga av korleis atmosfæresirkulasjonen påverkar klima på høge og mellomliggende breiddegrader, med spesielt fokus på arktisk-atlantisk sektor. Kva for dynamikk kontrollerer storskala sirkulasjonen, inkludert jetstraumar, stormbanar, og vêrregime. Kva for dynamikk kontrollerer koplingane mellom Arktis og lågare breiddegrader? Korleis påverkar sirkulasjonsmønstra klima regionalt? Kva rolle spelar den synoptiske variabiliteten i dette?

Forskningsarbeidet for denne stillinga vil bli utført i nært samarbeid med teama som jobbar med storskala atmosfære dynamikk og polarklima ved [Bjerknessenteret for klimaforskning](#), og spesielt med professor Camille Li og professor Tor Eldevik.

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Søkjarar må ha oppnådd ph.d.-grad eller tilsvarande utdanning innanfor atmosfæredynamikk eller meteorologi
- Evne til å hente inn eksterne forskingsmidlar må dokumenterast.
- Dokumentert forskingserfaring innafor storskala atmosfære dynamikk, synoptisk meteorologi og ekstratropisk bølge-middelstraum vekselverknad med fokus på arktisk-atlantisk sektor er eit krav. Nøkkeltema inkluderer jetstraum dynamikk, stormbane dynamikk og atmosfærisk "blokkering".
- Søkjaren skal ha ei god publiseringshistorie relativ til stadiet i karrieren.
- Søkjaren må kunne arbeide med reanalyse data, modell data, statistisk analyse, R/python/Matlab/CDO og liknande programvare, og med Linux/Unix system.
- Det er eit føremon med erfaring frå prosjektdrift.
- Det er eit føremon med erfaring med rettleiing av studentar
- Søkjaren må beherske engelsk skriftleg og munnleg på det nivå som krevjas for sjølvstendig og klår formidling av eiga forsking
- Eit særskilt krav for stillinga er vilja og evna til å jobbe tett saman med det tverrfaglege prosjekt-teamet i Arven etter Nansen og samstundes jobbe uavhengig med egne konkrete forskingsoppgåver.

I vurderinga av aktuelle kandidatar vil ei heilheitleg vurdering av både kvalitet og breidde i kandidatane si forsking bli gjennomført. Personlege og mellommenneskelege eigenskapar vil bli lagt vekt på.

Følgjande premiss er lagt til grunn for stillinga

- Forskaren skal vere medlem i forskingsgruppa som fagfeltet høyrer innunder.
- Lønsgiftene skal så langt som mogleg vere 100 % eksternt finansiert.
- Forskaren skal aktivt bidra til å innhente eksterne prosjektmidlar til fagmiljøet, til både seg sjølv og andre, fra NFR, EU og andre kjelder.
- Forskningsaktiviteten er forventa finansiert av prosjekta forskaren, og forskingsgruppa rundt forskaren, arbeider med.
- Instituttleiari kan påleggje forskaren arbeid inn mot bestemte forskingsprosjekt
- Forskaren kan ha verv, delta i komitear, utval m.m. innan UiB.
- Forskaren har normalt ikkje undervisningsplikt, men er forventa å rettleie master- og ph.d.- studentar, i den grad dette går inn som ein naturleg del av forskingsverksemda i forskingsgruppa.
- Forskaren kan søkje kompetanseopprykk etter reglementet for opprykk.

Vi kan tilby

- eit godt og faglig utfordrande arbeidsmiljø
- løn etter kroner 515 200,- brutto per år (kode 1109) etter hovudtariffavtalane i staten ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet. For særleg kvalifiserte søkjarar kan det verte aktuelt å vurdere høgare løn.medlemskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar
-

Søknaden skal innehalde

- ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- namn og kontaktopplysningar til to referansepersonar, ein av desse bør vere hovudrettleiaren frå doktorgradsutdanninga
- CV

- karakterutskrifter og vitnemål, samt stadfesting på at doktorgradsavhandlinga er levert
- relevante attestar
- liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste)
- eventuelle publikasjonar

Søknad og vedlegg med attesterte omsetjingar til engelsk eller eit skandinavisk språk må lastast opp i JobbNorge.

Generell informasjon

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til: [Professor Tor Eldevik](#) eller [Professor Camille Li](#) ved Geofysisk institutt.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Vi oppmodar kvinner om å søkje. Dersom fleire søkjarar har tilnærma like kvalifikasjonar, gjeld reglane for moderat kjønnskvoltering.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Jobbnorge-ID: 155340, Søknadsfrist: Avsluttet